

SPRÅK

La språk spele ei rolle!

www.fremmedspraksenteret.no/sprakvalg

Utdanningsprogram
for studiespesialisering¹

VIDAREGÅANDE SKULE
ELEV

NYNORSK

¹Eigne reglar for studiespesialisering med formgivingsfag på Vg1

FRAMANDSPRÅK SOM FELLESFAG

I tillegg til engelsk skal du ha eit framandspråk som fellesfag (= obligatoriske fag). Du kan velje eitt av språka skulen tilbyr. Nedanfor kan du orientere deg om alternativa som finst.

Du som fullfører 10. årstrinn MED framandspråk, kan

anten

- halde fram med det framandspråket du har hatt på ungdomstrinnet – då tek du faget på *nivå II* over to år,

eller

- ta eit nytt framandspråk som du ikkje har hatt opplæring i – då tek du faget på *nivå I* over to år.

Du som fullfører 10. årstrinn UTAN framandspråk, må

- ta eit framandspråk på *nivå I* og *nivå II* over tre år.
OBS! Dette alternativet avgrensar høvet til å velje på Vg3 ettersom fellesfaget framandspråk "tek plassen" til eitt av programfaga.

Det er egne reglar for dei som har samisk som første- eller andrespråk, finsk som andrespråk og teiknspråk. Informasjon om dette får du hos rådgivaren på skulen.

Privatistordning

I vidaregåande opplæring er det etablert ei privatistordning i ei lang rekkje språk som det ikkje blir gitt opplæring i. I staden for å delta i opplæringa i framandspråk, er det mogleg å oppfylle kravet om framandspråk ved å ta eksamen som privatist i eitt av desse språka (jf. vedlegg 1 til rundskriv F-12-08, s. 17).



SPRÅKFAG SOM PROGRAMFAG

I løpet av Vg1 skal du gjere viktige val for dei neste to åra. Det blir stilt ein del krav til korleis du vel programfag, og du må sjå Vg2 og Vg3 i samheng:

Steg ein:

Du vel eit programområde du vil fordjupe deg i:

- programområde for språk, samfunnsfag og økonomi
- programområde for realfag
- programområde for formgivingsfag

(Dette er **programområdet** ditt)

Steg to:

Du vel to fag innanfor det programområdet du har bestemt deg for. Dei må du gå vidare med på Vg3

(Dette er **programfaga** dine)

Steg tre:

Du vel i tillegg nok eit programfag, frå kva som helst programområde innanfor dei studieførebuande utdanningsprogramma

OBS! Dette valet fell bort på Vg3 dersom du ikkje hadde framandspråk på ungdomstrinnet

(Dette er det **valfrie programfaget** ditt)

Her gjeld følgjande:

- Du kan velje eit tredje fag frå programområdet ditt
- Du kan velje frå eit anna programområde
- Du kan følgje dette faget på Vg2 og Vg3, eller du kan velje eit nytt på Vg3

Timeplanen kan sjå slik ut:

Vg1	Fellesfag		
Vg2	Fellesfag	To programfag frå eige programområde	Valfritt programfag
Vg3	Fellesfag	To programfag frå eige programområde (vidareføring ²)	Valfritt programfag Berre dersom du hadde framandspråk på ungdomsskolen

² Denne vidareføringa kan brytast om ein vel framandspråk nivå III, men samla timetal innanfor eige programområde må likevel vere 560 (jf. vedlegg 1 til rundskriv F-12-08, s. 25).



Frå og med opptak til høgare utdanning til studieåret 2011-2012 gir alle programfaga innanfor "Framandspråk" med eit omfang på 140 timar 0,5 tilleggspoeng, bortsett frå "Framandspråk" III, som gir 1,0 tilleggspoeng. Det blir òg gitt tilleggspoeng for realfag. For "Framandspråk" og realfag blir det gitt maksimalt 4 tilleggspoeng (jf. rundskriv F-15-08: Endringer i forskrift 31. januar 2007 om opptak til høgere utdanning og kommentarer til forskriften).

Rundskrivet finn du på heimesida til Framandspråksenteret:
<http://www.fremmedspraksenteret.no/dokumenter>

